

# RAPPORT

## Torpo stavkyrkje

### - Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



## Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	3
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	5
Vedtaksprosess og tiltak	5
Kyrkjekunst og inventar	5
Andre tiltak	6
Samandrag	6
Litteratur og kjelder	7
Fotnotar	7

### Torpo stavkyrkje

Dokumentasjon av  
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016  
[www.ra.no](http://www.ra.no)

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med  
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med  
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til  
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale  
kan medføre erstatningskrav og inndraging  
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:  
Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren

# Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

## KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

## LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

## BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.





**Kvelv:** Limfargedekoren i lektoriehimlinga. Foto: Ragnar Utne, Riksantikvarens arkiv.

# Torpo stavkyrkje

## BYGNINGSBESKRIVING

Torpo stavkyrkje står på Torpo i Ål kommune i Buskerud. Kyrkja er ei stavkyrkje med heva

midtrom. Av den opphavlege stavkyrkja er berre skipet bevart etter at koret med apsis var rive i 1880. Langt tidlegare forsvann svalgangane som omkransa skip og kor. Midtrommet er omgjeve av 14 stavar som står på ei ramme av grunnstokkar. I kyrkja dannar stavane rundt midtrommet tette kolonnadar rundt alle fire sider. Rundt heile kyrkja har det opphavleg vore svalgangar, og etter at koret vart utvida. Dei hadde truleg

dvergarkadar, men desse vart rive tidlig på 1800-talet. Taka var opphavleg tekka med spon, men fikk skifertekking tidlig på 1800-talet. Ytterveggane har ståande plankar, eller tiler, med not og fjør, sett inn i rammer av svillar, hjørnestavar og stavlægjer. Veggane til midtrommet over omgangstaka har og ståande tiler mellom stavane, og i kvart felt er det små runde gluggar, dei einaste opphavlege opningane for lys, med unntak frå dørene. 4





**Limfargedekor:** Lektoriehimlinga i kyrkja. Foto: Tore Holter, Riksantikvarens arkiv.

Berre benkane frå mellomalderen langsmed ytterveggane til omgangen er bevara. I austveggen står framleis den stengde opninga til koret som vart rive overdekkja med ein boge i heile breidda til skipet. I hjørnestavane er det innhogg som må vere restar av sidealter frå tida før koret vart utvida.

#### **TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET**

Ved synfaring av Torpo stavkyrkje var kyrkja i god stand. Hovudtiltaka som vart gjennomført var difor knytta opp mot kyrkjekunsten og baldakinen i kyrkja.

#### **VEDTAKSPROSESS OG TILTAK**

##### **KYRKJEKUNST OG INVENTAR**

Torpo stavkyrkje har eit delvis bevart lektorium fra


mellomalderen. Eit lektorium er eit galleri som vart nytta til skriftlesing og korsang. Det er montert på bjelkar som er spende mellom dei austlege stavane som ber midtrom i skipet. Lektoriet er plassert om lag to meter over golvnivå, og det kan ikkje lenger nyttast som galleri då det manglar golv, rekkverk rundt kantane og trapp opp frå golvet i skipet. Over lektoriet er det ei kvelvd himling, og kjent som baldakin.



Denne er dekorert på undersida med velbevarte måleri av høg kvalitet. Måleria daterast til perioden omkring 1250- 1300. På oppdrag av Riksantikvaren utførte NIKU ei tilstandsregistrering og utprøving av konsolideringsmetode for lektoriemåleria i 2007.<sup>1</sup> På bakgrunn av forprosjektet, gjennomførte NIKU konsolidering av måleria i 2008.<sup>2</sup> Arbeida omfatta konsolidering av laus måling på undersida av lektoriehimlinga, samt fondveggen mot aust. Arbeidet vart utført då baldakinmaleriet hadde ustabile strukturar, sopp/mugg, misfarging og fugleskitt i og på målingsfilmen. I 2009 heldt arbeidet fram og omfatta då mellom anna fjerning av smuss og støv, samt behandling av søylene til lektoriet. I tillegg vart arbeidet med konsolidering av himlinga slutført. For detaljar knytta opp til arbeidet med baldakinen i kyrkja kan ein lese dei tre rapportane som omhandlar det utførte arbeidet i perioden 2007-2009.<sup>3</sup>

#### ANDRE TILTAK

Av mindre vedlikehaldsarbeid som vart utført i samband med stavkyrkjeprogrammet vart det mellom anna hogd nye takrenner av seinvokse gran.



**Kyrkerommet:** Baldakinen i kyrkja. Foto: Birger Lindstad, Riksantikvarens arkiv.

#### SAMANDRAG

Torpo stavkyrkje er datert til siste halvdel av 1100-talet. Av den opphavlege stavkyrkja er berre skipet bevart etter at koret med apsis vart rive i 1880. Taka var opphavleg tekka med spon, men fekk skifertekking tidleg på 1800-talet. Interiøret i kyrkja er prega av ein baldakin med

kristusframstilling og helgenberetning.

Limfargedekoren i himlinga vart konsolidert i perioden 2007-2009. Stavkyrkja er elles i god stand og det vart føreteke små utbetringar og restaureringar i samband med stavkyrkjeprogrammet.

## LITTERATUR OG KJELDER

### LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

### RAPPORTAR

Devold, Ellen. *Journal Torpo stavkirke*, 2006.

Bardalen, Geir Erik. *Tilbakeføring av kirkegårdsmurer og gjerde*, 2009.

Solberg, Kristin. *Rapport 40/2008, Konserveringsavdelingen A 58 Torpo stavkirke Konserveringsarbeider på lektoriehimlingen i 2008*, 2008.

Stein, Mille. *NIKU Rapport Kunst og inventar. Stavkirker, Reinli, Hegge, Lomen, Torpo, behandling av inventarstykker*, 2007

Kjølsen, Nina Ryder. *NIKU Oppdragsrapport 174/2009 Torpo stavkirke, Konserveringsarbeid på lektoriehimlingen i 2009*, 2009.

**Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.**

## FOTNOTAR

---

<sup>1</sup> Stein, Mille. *NIKU Rapport Kunst og inventar. Stavkirker, Reinli, Hegge, Lomen, Torpo, behandling av inventarstykker*, 2007

<sup>2</sup> Solberg, Kristin. *Rapport 40/2008, Konserveringsavdelingen A 58 Torpo stavkirke Konserveringsarbeider på lektoriehimlingen i 2008*, 2008.

<sup>3</sup> Kjølsen, Nina Ryder. *NIKU Oppdragsrapport 174/2009 Torpo stavkirke, Konserveringsarbeid på lektoriehimlingen i 2009*, 2009.

